



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Berre sendt inn gjennom [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Dato: 30.09.2020

## **Høyringsfråsegn – Forslag til endringar i vallova, valforskrifta og forskrift om val til Sametinget – ombodsplykt, assistanse ved stemmegiving, digital utsending av valkort mv.**

Me viser til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt høyringsnotat av 29. juni 2020, der forslag til endringar i vallova, valforskrifta og forskrift om val til Sametinget vert sendt på høyring.

Norges institusjon for menneskerettigheter (NIM) si hovudoppgåve er å fremje og beskytte menneskerettane i tråd med Grunnlova, menneskerettslova og anna lovgjeving, internasjonale traktatar og folkeretten elles. Me skal bidra til å styrke gjennomføringa av menneskerettane, særleg gjennom å gi råd og fremje tilrådingar til Stortinget, regjeringa, Sametinget, og andre offentlege organ og private aktørar. Høyringsfråsegner er eit sentralt verkemiddel i dette arbeidet. NIM uttaler seg i utgangspunktet ikkje i noko særleg grad om hensiktsmessigheita eller prioriteringa av verkemiddel for å ivareta staten sine menneskerettslege plikter.

NIM har avgrensa høyringsfråsegna til punkt 3 i høyringsnotatet, som gjeld retten til assistanse ved stemmegiving.

### **Assistanse ved stemmegiving**

Departementet føreslår ei endring i vallova som inneberer at ein veljar som på grunn av psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting treng hjelp til å stemme, sjølv kan peike ut ein hjelpar som skal assistere i stemmegjevinga, utan at ein valfunksjonær er til stades i valavlukket.

NIM er positive til forslaget, og samde i at forslaget bidreg til å implementere pliktene staten har etter artikkel 29 bokstav a i FNs konvensjon om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD).

Vidare føreslår departementet ei ny føresegn som inneberer at i tilfelle der ein valfunksjonær eller ein stemmestyremedlem meiner av vilkåra for rett til assistanse ikkje er oppfylte, vil det vere stemmestyret som avgjer om vilkåra for assistanse er oppfylte. NIM saknar her ei nærare vurdering av kva kompetanse stemmestyret har til å gjere ei slik

vurdering av ein veljar med psykisk eller fysisk funksjonsnedsetting sitt behov for assistanse.

Med helsing

for Norges institusjon for menneskerettigheter

Gro Nystuen

Assisterande direktør

Mina Haugen

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har dermed ingen signatur.